

Referat frå møtet i Fitjar sokneråd torsdag 17.02.2022

Desse møtte: Svein Lunde, Wenche Andersen Helland, Anne Marie Røed, Herman Inge Aadland, Roald Drønen, vararepresentantane Karin Marie Korsvik og Hilda Gloppen og kyrkjeverje Jan Overweg. Vidare var prost Svein Arne Theodorsen med på teams under **sak 2022/14: Orientering om utlysing av ledig stilling som sokneprest i Fitjar.**

Forfall: Sigrid Marie Fangel, Håkon Rydland Sæbø, Aase Rygg Nøttveit, og kommunal representant Sigurd Andre Maraas. For sistnemnde møtte Jo Kjetil Strand.

Sak 2022/12 012.1 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: Desse vart godkjende utan merknad

Sak 2022/13 012.1 Referat frå sist møte

Referatet låg ikkje føre ved utsendinga av innkallinga, men medlemene fekk dette ettersendt og godkjende referatet utan særlege merknader.

Sak 2022/14 Orientering om utlysing av ledig stilling som sokneprest i Fitjar sokn – første drøfting av det lokale tilsnittet

Sokneprest Roald Drønen bad om fritak frå å ta del i denne saka. Han ynskte ikkje å leggja føringar for denne prosessen. Men prosten har ein sentral funksjon som bindeledd mellom bispedøme og kyrkjelyd, og han var difor med på teams under denne handsaminga. Det var nyttig, ryddig og godt for soknerådet. Frå denne orienteringa og drøftinga tek me med:

Prosten var oppteken av at dette måtte bli **like mykje ei rekruttering som utlysing**. Han oppfordra oss både til å sjå etter kandidatar og til å be for prosessen. Han vona på godt resultat, og at tilsetjing vonleg kan skje alt i bispedømerådet sitt møte 10. juni d.å. Bispedømet har det endelege ansvaret for utlysingsteksten, og det er tenkt at søknadsfristen vert 8. mai.

Når eventuelle søknader føreligg, gjeld følgjande prosedyre:

Soknerådet har rett til å uttala seg. Denne uttalen må liggja føre innan 20. mai. Straks etter dette vert det intervju av kandidat/kandidatar. Prosten leiar intervjuet, der også representant frå bispedøme og Fitjar sokneråd er til stades.

Kva er soknerådet sine oppgåver no?:

Medlemene er utfordra til å koma med innspel/forslag til utlysingstekst der ein legg vinn på emne som

- Kvifor søkja?
- Bygda: Arbeidsmarknad, skule, barnehage, natur, miljø og friluftsliv
- Kyrkja i Fitjar, kyrkjeleg geografi, strategi, framtidsutsikter, ynske og vyer.
- Trusopplæring, kyrkjemusikk
- Tenkja teamarbeid innåt og samarbeid utåt
- Viktig å ta Fitjar kyrkjelyd på pulsen. Viktig å føra samarbeidslinja vidare

Bispedømet gjev råd om / bestemmer volum på utlysinga. Det kan vera lurt å ha med lenkjer som kandidatane kan bruka for å få djupare kjennskap til bygda.

Medlemene av soknerådet har frist for innspel fram til onsdag 9. mars. Det vart sett ned ein redaksjonskomité: Svein Lunde, Herman I. Aadland og Anne Marie Røed. Desse skal samla, redigera og utarbeida eit forslag til utlysingstekst. Denne teksten skal så opp i AU 23. mars og soknerådsmøtet 31. mars.

Etter at denne saka var ferdighandsama, tok sokneprest Roald Drønen sete i møtet. Det første han gjorde, var å gje oss eit godt og tankevekkjande **ord for dagen**.

Sak 2022/15 Orientering frå kyrkjeverja om arbeidet i soknet

Kyrkjeverja tok først opp:

- Koronasituasjonen. Dei fleste arrangement kan no gjennomførast utan restriksjonar. Men pandemien er ikkje over, og ein lyt framleis fylgja med og ta visse omsyn.
- Årsmeldingsskjema er sendt ut til nemnder og utval. Frist for innsending er 14. mars. Råutkast til årsmelding skal leggjast fram i SR-møtet 31. mars.
- Økonomisjef byrjar med rekneskapsrapport for 2021 i veka etter dette møtet.
- Straumrekningane denne vinteren: Kr. 35.000 i desember og 23.000 i januar (ned 30 %). Der det kan sparast, vert dette gjort. Og det ser ut som om budsjettet skal halda.
- Gledeleg mange påmeldingar til dåp: 6 dåpsfylgje i næraste framtid.

- Streaming av gudstenester og kyrkjelege handlingar er framleis aktuelt. Mange nyttar seg av tilbodet, og tilbagemeldingane er gode. Men no er visingstida nedkorta til 24 timar.
- Revisor arbeidar no med MVA-kompensasjon for 2021.
- Kyrkjekoret er ikkje skikkeleg kome i gang etter nedstenginga. Omikron herjar i bygda og mange familiar er råka. Men frå slutten av mars bør me vera i sving. Det trengst rekruttering.

Soknepresten:

- Minna om kyrkjelyds-weekenden på Helgatun 1.-3. april. Om lag 78 personar kan få plass. Vonar på god deltaking frå alle aldersgrupper.
- Tårnagentarrangement kommande helg. Trusopplæringsprogrammet går sin trufaste gang.
- Nytt kyrkjelydsblad kjem ut i neste veke. Bør vera interessant for mange.
- Kva med å få til konfirmasjonsfest onsdag 4. mai? Denne har vore sakna i koronatida.

Sak 2022/16 Budsjett 2022 – justert avsnitt diakoni (jfr. Sak 2022/05)

Diakoninemnda tok godt imot utfordringa frå SR-møtet 20. januar om å leggja fram budsjettforslag for arbeidet sitt.

Dei ynskjer at post 11104 vert auka frå kr. 3000 til kr. 9000 (Blomegåver)

Post 11400 auka frå kr. 0 til kr. 10.000. Til lysingar for arrangement m.m.

Finansiering: Post 11104 ved tilførsle av midlar frå soknerådet sitt budsjett.

Post 11400 vert finansiert ved overføring av midlar frå diakoninemnda sitt fond.

Endringane er lagt inn i Fitjar sokn sitt detaljbudsjett for diakoni. På inntektssida er dette fordelt over postane 18601 og 18700. Overskot frå tidlegare år er disponibelt i fond – Post 18700. Det er no kalkulert med bruk av kr. 10.00 frå dette fondet.

Vedtak:

Soknerådet godkjenner detaljbudsjettet for 2022 - med dei endringane som diakoniutvalet har føreslege.

Sak 2022/17 Saldotabell 2021 – orientering om rekneskapsåret 2021

Kyrkjeverja gav ei god orientering om stoda ut frå føreliggjande saldotabell. Summa summarum: Lite avvik frå vedteke budsjett. Orienteringa vart teken til etterretning.

Sak 2022/18 Oppseiing – ledig stilling reinhald

Kyrkjetenar Sofie Rimmereid ynskjer å fråtre stillinga si 1. juli 2022. Ho har hatt 10 % stilling som reinhaldar i kyrkja. Vaktmeister i kyrkja, Kjetil Hagevik Ragde, ynskjer å utvida stillinga si og vil gjerne ta på seg ansvaret for reinhald.

Vedtak:

Det er både ynskjeleg og etter lova rett å gje Ragde tilbod om dette. Stillinga hans vert auka frå 70 til 80 % frå 1. juli d.å. Stillinga vil då inkludera reinhald i kyrkja – tilsvarande 3,75 timar i veka.

Sak 2022/19 Plan som kyrkjeringen har utarbeidd for oppussing av sakristia i kyrkja.

Kyrkjeringen, som no er nedlagd, ynskjer at summen dei har att på konto, skal gå til oppussing av sakristia. Arkitekt Anne Brit Tornes ha laga skisse og eit notat som var førelagt soknerådet.

Arbeidet inneber: Måling/beising av panelvegger og vindaugskarmar og rammer. Byta upraktisk faldevegg/lettvegg med dør. Nye møblar. Arbeidet er tenkt utført på dugnad.

Kyrkjeringen yter restbeløpet sitt til måling og ny dør – så langt dette rekk.

Vedtak:

Soknerådet ser svært positivt på planane for oppussing av sakristia. Anne Brit Tornes og Gunn Kvernenes får, saman med kyrkjevevja (som konsulent), ansvar for gjennomføringa av arbeidet. Det skal utarbeidast budsjett før arbeidet vert sett i gang. Dette bør leggjast fram i neste SR-møte.

Soknerådet tek ansvar for innreiinga og dei materialutgiftene som går ut over tilskotet frå kyrkjeringen. Men dette bør skje i samsvar budsjettrammene som vert vedtekne. SR ynskjer god lyddemping mellom sakristia.

Sak 2022/20 Meldingar / open post

Bård Inge Bøe har sagt ja til å vera med i trusopplæringsutvalet.

Møtet slutt kl. 20.30.

Herman I. Aadland (vikarskrivar)